

Grønt lys for ny kraft frå Tverrelva

05.06.2015



Mannsvatnet skal 1 meter opp også i den nye reguleringsrunden

Som venta har regjeringa gitt grønt lys for ny kraftutbyggjing i Tverrelva i Uskedalen, der det også tidlegare var eit kraftverk. Det nye vil imidlertid gje meir straum - ein årsproduksjon på 20,43 GWh. Det var i dag saka passerte statsråd og prosjektet skal gjennomførast etter alternativ 1 som vil gje ein atskillig større effekt enn det gamle prosjektet. Mannsvaret vert som før regulert opp 1 meter og det vert vannveg i tunnel frå tunnelpåhogget til inntaksdam og derifrå som nedgravd røyrgate fram til stasjonen. Fallet som vert utnytta på denne måten ligg mellom kote 566 og kote 30. Kraftstasjonen kjem til å liggja 130 meter opp for Uskedalselva. SKL Produksjon skal stå for byggjing og drift.

Det var i 2003 sidan grunneigarane på Kjærland og Haugland starta arbeidet med dette prosjektet og optimistisk håpa at strauman derifrå skulle komma på nettet i 2012.

Dei inngjekk då avtale med SKL om utgreiing av det og i prosjektgruppa kom Hans Reidar Kjærland, Steinar Haugland, Tor Ove haugland, Lars Haugland og Ståle Eik.

Leiinga i gruppen hevda etter stutt tid at prosjektet ville vera ein sikker investering og gje god inntekt som dei aktuelle gardane ville trenge i framtidia.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Kristian Bringedal